

## Notat

Dato: 25.02.2020

Arkivsak: 2020/41165

Saksbehandlar: Tor Høyland

---

Til: Even Vaular


---

Frå: Tor Høyland

---

### Trygg skuleveg/Hjertesone og punktutbetring – Tiltak på Fv 5240, Arefjordvegen i Øygarden kommune

Fv 5240, Arefjordvegen er omlag 2,7 km lang. Den går fra Rv 555 på Knarrevik og fram til Storskaret (sjå kart under). Midtpartiet (merka med blått i kartet under) av Arefjordvegen har svært lav standard. Vegen manglar her fortau/gang-sykkelveg. Den er svingete og smal og den har mange dårleg utforma avkjørsler. På den dårlegaste delstrekninga er vegbelysninga svært dårleg. Trafikkmengda er rundt 2 800 kjøretøy. Med unntak av to korte strekningar med 40 og 30 km/t, er fartsgrensa 50 km/t på Arefjordvegen. Elevar på Brattholmen skule har Arefjordvegen som skuleveg.



Det er reguleringsplanarbeid på gang for å bygga gang- og sykkelveg mellom krysset til Brattholmen og Arefjordsbrua, men de er usikkert kor tid det vil bli løyvd midlar til bygging.

Vegbelysninga på den omlag 1,5 km lange strekkja som er merka med blått, er svært dårleg. Bildet på neste side viser kor lite lys som kjem ned på vegen. Dei fleste lampane er gamle kvikksølvlampar som gjer svært lite lys. Resten av lampane er natrium høgtrykk som gjer noko betre lys, men desse

er også gamle. Ved å skifta ut dei 41 eksisterande lampane til nye ledlampar (og armaturar), vil belysninga på denne strekkja bli mykje betre. God belysning er eit tiltak som normalt reduserer risikoen for ulykker. Dette gjeld særleg for mjuke trafikantar. Det kan også nemnast at av omsyn til miljøet skal alle kvikksølvlampar fasast ut.

Kostnaden med å skifta ut armaturane ligg normalt på i underkant av kr 10 000,- per punkt. Totalt vil det då kosta rundt kr 400 000,- å oppgradera belysning på denne strekkja. Ved bestilling av arbeidet i vår vil dette tiltaket bli utført i løpet av 2020.

Tor Høyland

